

Nytt selskap skal stå for satsing på flytande offshore vindkraft ved Stadt

Åtte aksjonærer fra Sogn og Fjordane har gått saman om å opprette selskapet Stadt Wind AS. Stadt Wind AS er oppretta med formål om å utvikle og teste teknologi for fornybar energi med vekt på offshore vindkraft, samt å drive utleige av testlokalitetar for flytande offshore vindkraft på Testområde Stadt.

- Vi er tilfreds med å kunne bidra til at næringslivet i regionen rundt Stadt no får hand om testområde til havs som gjer det muleg å utvikle ny teknologi og industri for flytande offshore vindkraft, seier Ola Lingaas, adm direktør i SFE Produksjon. SFE Produksjon har nyleg overteke Vestavind Kraft AS sine prosjekt knytt til flytande offshore vindkraft, og er blant stiftarane av det nye selskapet.

- Næringslivet i Måløy og regionen rundt har vist sterkt engasjement for teknologiutvikling innan offshore vindkraft. Når våre selskap i Vestlandsalliansen (Vestavind Kraft og Vestavind Offshore) frå no av vil fokusere på energiproduksjon med kommersielt tilgjengeleg teknologi på land og botnfast offshore, har det vore viktig for oss også å sikre best muleg framdrift for arbeidet med teknologiutvikling på flytande offshore vind. Ei slik løysing meiner vi no å ha funne i kombinasjonen mellom SFE og ein allianse av maritime industriaktørar med lokal forankring. Det seier Ketil Konglevoll, styremedlem i Vestavind Offshore og styreleiar i Vestavind Kraft.

- Å få hand om fullskala testlokalitetar til havs er eit viktig tillegg til det sterke kompetansemiljøet som dei siste 3-4 åra er bygd opp i Måløy på demonstrasjonsfasilitetar og teknologiutvikling på offshore vind (hydrodynamisk testtank i Stadt Towing Tank, simulatorfasilitetar på Sikkerhetssenteret i Måløy, teknologiutviklingsprosjekt i m a EasyForm, Måløy Verft/S-Cat og Brothers AS/SeaBridge). Det seier styreleiar i det nye selskapet, Sverre Søråa frå Coast Seafood. Coast er blant stiftarane av det nye selskapet, saman med bedriftene Båtbygg, Brødrene Aa, West Dykkerservice og Kvernevik Engineering. I tillegg er investorane Bjarte Tunold og Olav Refvik, samt SFE Produksjon, med som stiftarar av selskapet.

Stiftingsaksjonærane har forplikta seg til å gjennomføre ein retta emisjon mot bedrifter og personar i regionen rundt Testområde Stadt innan 6 månader etter opprettinga av selskapet, med tilbod om å gå inn som aksjonær i selskapet på same vilkår som stiftingsaksjonærane. Dette blir gjort for å legge til rette for ei brei regional forankring av selskapet, og gje alle industrielle aktørar på Nordvestlandet som ønskjer å bidra til teknologi- og industriutvikling på flytande offshore vind høve til å gå inn som partner i Stadt Wind AS.

Stadt Wind AS overtek etter avtale med SFE Produksjon og Vestavind Kraft AS konsesjonen på Testområde Stadt (testområde for flytande offshore vindturbinar – konsesjonen ligg p t til ankebehandling i OED). Stadt Wind AS overtek også Vestavind Kraft AS si førehandsmelding av den fullskala offshore vindparken Stadtvind (1080 MW), og eit utviklingsprosjekt for petroleumsselskapet BG av eit flytande vindturbinakonsept til bruk for straumforsyning på Jordbær-feltet.

Kontaktinformasjon:

Stig Svalheim, adm. direktør Vestavind Kraft AS, tlf 404 37 494

Ola Lingaas, adm. direktør SFE Produksjon AS, tlf 57 88 47 00

Sverre Søråa, styreleiar Stadt Wind AS, tlf 911 63 700